

Småkraftutval skal nedsetjast

05.09.2011



Hans Reidar Kjærland innleier. Til venstre Senterpartiets Elin Legland

**Ein av innleiarane i valmøtet i Aktivitetshuset i kveld,
Hans Reidar Kjærland, fekk fullklaff:**

**Alle politikarane slutta seg til eit forslag han kom med om at det skal
nedsetjast eit småkraftutval som ser på alle sider av næringa og får på
bordet kva som må gjerast for å lukkast her.**

**Kjærland streka under at det er viktig å få på plass ei næring som kan
vera til økonomisk glede både for sine eigalarar og kommunen i mange tiår.
Det er 3 aktuelle prosjekt i Uskedalen: Tverrelva, Børsdalen og Eikedalen
men i motsetnad til i andre bygder har lite skjedd førebels**

Kjærland peika på, den lange konsesjonsbehandlinga som ein ålvorleg flaskehals.
Det vil ta frå 4 til 8 år å få handsama ein søknad.

Dei som eig i Tverrelva søkte i februar 2010 og NVE vil opna søknaden neste år eller året etter.

Men ein enda større hindring er skattlegginga og ein skatt som slår dårleg ut er eigedomskatten som i Tverrelva vil bli 420 000 kroner første året.
Då sit eigarane att med omrent ingenting.
Eit anna område som har skapt mykje problem er grøne sertifikat.
Dette skulle få verknad frå 2004 men det er endra til 2009 og over 150 kraftverk er ført bak lyset.

I ei anna innleiing uttala Kjærland at målet må vera at norsk sjølvforsyning av mat skal halda tritt med eller helst auka i takt med folketalsauken.
Innleiaren tykte det er underlag at nokre politikarar meiner maten er for dyr i eit land der halvparten av maten blir kasta og der vi brukar berre 12 prosent av løna til matvarer.

Kjærland påpeika at bonden i vårt land tener 250 000 medan andre yrker som ein kan samanlikna med ligg på 450 000 kroner.
-Hvis ein utanlandsk arbeidar hadde fått den samme timelønna var det blitt kalla sosial dumping og det som verre er, sa Kjærland-bonden.
Han meinte at dei som har styrt landet dei siste 20 åra har gjort eller er i ferd med å gjera ei heil næring til slavar.

Kjærland understreka også kraftig at det blir store konsekvensar for kulturlandskapet hvis vi ikkje klarar å halda oppe ei rimeleg god sysselsetjing i landbruket.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen